



Dag, Mariann og Berit arbeidar hardt med hesjinga i dag.

**Nesjarane, det skarpskodde quizlaget på Neset, kan meir enn å svare på intrikate spørsmål. I dag demonstrerer dei kva dei veit og kan om hesjing på gamlemåten.**

**Det skjer ved hjelp av stokkar og strenger som blir lagra frå år til år. Nesjarane har hesja høyet i området sitt også i fleire år tidlegare og på den måten demonstrert eit kapittel av kulturhistoria vår som blir stadig mindre vanleg.**

Går vi til leksikon står det at ei hesje har loddrette staurar med streng eller vassrette stenger mellom. Men etterat det kom rimeleg ståltråd, også 'kalla hesjastreng, gjekk gardbrukarane over til den.

Hesja varierar etter terreng og verslag der høyet skal turkast Det seier seg sjølv at hvis det er vått klima, kan ein ikkje ha så mykje gras i hesja som når det er turrare ver

Hesjer kan nyttast til så mangt no i den såkalla moderne tid, mellom anna som effektfulle kulisssar i utomhus spelstykke. Til dømes plar dei å inngå i Peer Gynt-framsyninga i Gudbrandsdalen i august. Og kanskje vil dei bli nytta til det same på Neset?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Slåttonn på Neset både med moderne hjelpemidler og manuell arbeidskraft